



Kommunal- og Moderniserings- Departementet
Postboks 8112 DEP

0032 OSLO

Samferdsleavdelinga

Sakshandsamar:

Øystein Hunvik

E-post: Oystein.Hunvik@sfj.no

Tlf.: 47700466

Vår ref.

Sak nr.: 15/8208-65

Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Dykkar ref.

17/3067-29

Dato

LEIKANGER, 23.05.2018

Svar - Invitasjon til innspel om ny ferjestandard og berekning av ferjekriteriet i inntektssystemet

Vi viser til brev datert 21. mars 2018 der vi får høve til å komme med innspel til forslaget om ny ferjestandard og berekning av ferjekriteriet i inntektssystemet.

Som utgangspunkt er Sogn og Fjordane fylkeskommune positive til at det vert etablert ein normativ modell på sambandsnivå for fordeling av beløpet som er avsett til ferjekriteriet i inntektssystemet. Vi er klar over at dette ikkje medfører endringar i beløpet som skal fordelast, men vil likevel påpeike at det er svært viktig at det vert arbeidd med å auke beløpet slik at fylkeskommunane blir gjort i stand til å vere med på innfasing av mellom anna ny og meir miljøvennleg teknologi slik Stortinget har bedt om.

De ber oss spesielt om å sjå på 5 forhold i vårt innspel.

1. Definisjon og beregning av sambandslengde i samband med flere strekninger (flerkantsamband)

Sogn og Fjordane fylkeskommune har ikkje merknader til prinsipp for berekning av sambandslengde i fleirkantsamband.

Vi har gått gjennom vurderingane som er gjort i tilsendte excelark og har fylt ut skjemaet med tal avgangar i løpet av ei normal veke.

Askvoll – Gjervik og Askvoll – Fure – Værlandet viser kor vanskelig det er å få dette heilt riktig. For det nye sambandet Askvoll – Fure – Værlandet er det i tabellen berekna at ferja går alle turane innom Fure sjølv om den faktisk ikkje gjer det. For sambandet Askvoll – Gjervik er det ikkje berekna avgangar via Fure sjølv om ferja er innom der 3 gongar for dag. For at dette skal bli nokonlunde rett er det fornuftig å gjere slik de har gjort med å rekne alle avgangar innom Fure på sambandet Askvoll – Fure – Værlandet.

*2. Spesifisering av dimensjonerende strekning for plassering i standardklasse i flerkantsamband
3. Om flere strekninger i samme område skal defineres som ett eller flere samband*

Sogn og Fjordane fylkeskommune har ikkje merknader til dimensjonerande strekning på våre samband.

*4. Hvilke inntektsdata som skal brukes for beregning av netto ferjekostnader
5. Hvilke trafikkdata som skal legges til grunn for beregningene*

Sogn og Fjordane fylkeskommune er einig i at inntektsdata må hentast frå ferjedatabanken ved oppdatering av data. Vi er i utgangspunktet einige i bruk av statens vegvesen sin EFFEKT modell ved berekning av inntekter, men avventar meir informasjon frå departementet på denne modellen.

Andre tilbakemeldingar

For Standardklasse 2 – 4 og på Fv5.1 er det fastsett normativ frekvens og opningstid. For standardklasse Fv5.2 og Fv5.3 derimot er det lagt opp til eigne vurderingar på fastsetjing av både frekvens og opningstid. Det er svært stort spenn i både lengde og frekvens innanfor desse 2 standardklassane. I Fv5.2 er lengde frå 22,2 km til 45,3 km medan frekvensen varierer frå 1 til 5 pr dag. Tilsvarande tal for Fv 5.3 er lengde på 0,8 km – 45,3 km og frekvens på 1 til 10.

Vi ber departementet vurdere om det er formålsteneleg å fastsette frekvens og opningstid eller eventuelt dele opp i litt fleire standardklassar for å få ei meir riktig kostnadfastsetjing enn det blir ved mediantilnærminga det er lagt opp til.

Vi har registrert at bilførande hurtigbåtar med ÅDT over 10 er flytta over til ferje. I vårt tilfelle medfører det at det som i dag er 2 hurtigbåtsamband blir delt opp i ein del med hurtigbåt og ein del med ferje. Vi har ved eit par høve etterlyst informasjon om korleis dette vert handtert framover og vil utfordre departementet til å komme med informasjon om korleis overføringane vert fastsett når ein og same båt utfører ruter som både er definert som ferje og hurtigbåt.

Ei anna sak som kan vere utfordrande er at driftskostnadane med bilførande hurtigbåt er høgare enn for ferje på grunn av mellom anna fart. Det må difor avklarast om det vert rett å bruke normative kostnader for ferje ved fordeling av pengar til bilførande hurtigbåtruter klassifisert som ferje i fordelingsnøkkelen.

Med helsing

Øystein Hunvik
Ass fylkesdirektør for samferdsle

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Vedlegg: 23.05.2018 SFJ skjema til kvalitetssikring

Mottakar (ar)

Kommunal- og Moderniserings- Departementet Postboks 8112 DEP 0032 OSLO